

---

**Saksnr:** 2020/43675-7**Saksbehandlar:** Petter Lem Gullestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Arbeidsutval delegeringsreglement		17.08.2020

## Revidering av reglement for folkevalde organ og delegering

Forslag til vedtak

1. Arbeidsutvalet tek saka til drøfting og vitande.

Samandrag

Fylkesrådmannen har samanfatta og gjort nærare vurderingar av arbeidsutvalet sine innspel til endringar av reglement for folkevalde organ og delegering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Forskrift om fylkeskommunen sine oppgåver innanfor friluftslivet
- 2 Tolkingsttale fast møte- og talerett

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Arbeidsutvalet for revidering av delegeringsreglement har hatt møter 29. april, 19. mai og 29. mai. I møta har medlemene kome med innspel til endringar og ønske om nærare utgreiingar.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek endeleg reglement for folkevalde organ og delegering, jf. kommunelova § 5-13, § 5-14 med fleire. Fram mot vedtak i fylkestinget gjer arbeidsutvalet prosessvedtak.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Saksgang/innstillingsrett når sak er oppe i fleire utval

Arbeidsutvalet drøfta innstillingsmynde når ei sak femner om fleire utval sine arbeidsområde. Det som finst av regulering i gjeldande delegeringsreglement, er i hovudutvala sine reglement punkt 5 om arbeidsform:

«Når ei sak femner om fleire hovudutval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit hovudutval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.»

Arbeidsutvalet ønsker ei fastare regulering, der vedtak i eitt hovudutval går som innstilling til fylkesutvalet, medan vedtak frå dei andre utvala vert lagt fram som RS-sak. Fylkesrådmannen vil regulere dette i tråd med arbeidsutvalet sine ønske. Fylkesrådmannen vil samstundes foreslå at fylkesordførar alltid tek avgjerd om kva utval som skal gi innstilling i dei høve ei sak femner om fleire utval sine arbeidsområde. Dette for å ha ei fast og praktiserbar regulering knytt til dette.

### FNB sitt innspel

Arbeidsutvalet drøfta FNB sitt innspel, gjengjeve i sak PS 5/20. Innspelet handla om plassering av oppgåver knytt til natur, naturvern, landskapsvern og kulturlandskapsvern hos respektive hovudutval før saka skal vidare til fylkesutvalet. Vidare vart framheva at dei folkevalde sitt ansvar for at vedtak i dei ulike utvala skal vera økonomisk forsvarlege ut frå dei rammer som til ein kvar tid er tilgjengelege, må gå tydeleg fram.

Arbeidsutvalet konkluderte med at gjeldande delegeringsreglement ivaretek FNB sine innspel på ei tilfredsstillande måte. Fylkesrådmannen tek dette til etterretning.

### Oppgåver hjå fylkesutvalet

I og med arbeidsutvalet sin konklusjon om å leggje ned planutvalet, vart det presisert at dei oppgåver som no ligg til planutvalet (reglement for planutvalet punkt 7) vert flytt til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen vil innarbeide dette.

### Avgjerdsmynde for val av medlemmer til valnemnder i selskap

Arbeidsutvalet drøfta ei deling av avgjerdsmynde når det gjeld val av medlemmer til styrer, råd mv. i gjeldande reglement ligg avgjerdsmynde til fylkestinget, medan valnemnda har innstillingsrett.

Arbeidsutvalet konkluderte med at dei ønskte val av medlemmer til valnemnder i selskap lagt til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen vil poengtere at alle val i gjeldande reglement ligg til fylkestinget (etter innstilling frå valnemnda). Utskil av val til valnemnder er etter fylkesrådmannen si vurdering ei snever mynndeling om ein først skal gjere endringar. Fylkesrådmannen vil og poengtere at valnemnda då ikkje lenger vil ha ei totaloversikt over val, og at ein potensielt vil kunne få val som ikkje er koordinert. Ofte vert val av styremedlem og val av medlem til valnemnd gjort på same tid.

I referatsak RS 16/20 for fylkestinget 9-10.juni, Oppnemning av kandidatar til styret i seks HFK Bussanlegg-selskap, la fylkesrådmannen til grunn at fylkesrådmannen skulle gjere framlegg til kandidatar.

Fylkesrådmannen oppmodar arbeidsutvalet om å ta ein ny drøft av mynndeling når det gjeld val.

#### Avgjerdsmynde hjå trafikktryggingsutvalet

Arbeidsutvalet drøfta om trafikktryggingsutvalet skulle ha avgjerdsmynde i nokre saker. I gjeldande reglement følgjer at trafikktryggingsutvalet tildeler trafikktryggingsprisen.

Arbeidsutvalet konkluderte med at trafikktryggingsutvalet i tillegg skulle ha avgjerdsmynde i følgjande saker:

- tilskot til trafikktryggingsaktiviteter
- tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak

Fylkesrådmannen vil regulere dette i reglement for trafikktryggingsutvalet i tråd med arbeidsutvalet sine ønske.

#### Innstillingsmatrise

Av kommunelova § 5-14 følgjer at det skal vere eit reglement for korleis vedtaksmynde og innstillingsrett vert delegert. Retten til å innstille er regulert i reglement, men fylkesrådmannen vil likevel tilrå at reguleringa vert ytterlegare tydeleggjort. Fylkesrådmannen har utarbeidd slikt forslag til matrise:

<u>Organ</u>	<u>Innstiller til</u>
Trafikktryggingsutvalet	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Yrkesopplæringsnemnda	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Valnemnda	Fylkestinget
Fylkesutvalet	Fylkestinget
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	Fylkesutvalet
Hovudutval for næring	Fylkesutvalet
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	Fylkesutvalet
Hovudutval for opplæring og kompetanse	Fylkesutvalet
Administrasjonsutvalet	Fylkesutvalet
Fylkesvalstyret	-
Finansutvalet	Fylkesutvalet
Kontrollutvalet	-

Fylkesrådmannen har lagt til grunn at planutval vert nedlagd, i tråd med arbeidsutvalet sin konklusjon.

#### Uttalerett

<u>Organ</u>	<u>Uttale</u>
Fylkeseldrerådet	Rett til å gi uttale i saker som vedkjem eldre
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	Rett til å gi uttale i saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesting for ungdom/Vestland ungdomsutval	Rett til å gi uttale i saker som vedkjem ungdom
---	---

### Uttalerett i sak om budsjett

Hovudutvala	Finansutvalet
-------------	---------------

Dersom arbeidsutvalet ønskjer det, vil fylkesrådmannen innarbeide matrisene over i reglementet.

### Hovudutval for næring - oppgåver

Arbeidsutvalet tok opp at omtale i reglement av oppgåver for hovudutval for næring var mangelfull når det gjaldt utvalet sine oppgåver med internasjonalt nedslagsfelt.

Fylkesrådmannen vil under oppgåver innarbeide slike punkt:

- Søknader til EU-program knytt til innovasjon og næringsutvikling der VLFK er prosjektleiar, til dømes Erasmus, Interreg og Horisont Europa.
- Rapportering frå internasjonale samarbeidsarenaer der VLFK er medlem, til dømes Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR), Nordsjøkommisjon (NSC), European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning (EARLALL), Euromontana, Nordatlantisk samarbeid (NORA).

### Godkjenning av møteprotokoll

Arbeidsutvalet har i e-post bede administrasjonen sjå på regulering/praksis for godkjenning av møteprotokoll.

Det er ikkje lovregulert korleis ein godkjenner møteprotokoll, og fylkeskommunen står difor fri til å regulere dette. I gjeldande saksbehandlingsreglement er dette regulert slik i punkt 8:

«Organet godkjenner møteboka i påfølgjande møte.»

Praksis har vore at møteprotokollen vert godkjend i påfølgjande møte (som regulert), men utan at merknader/korrigeringer vert innarbeidd i den opphavlege møteprotokollen.

Fylkesrådmannen kan leggje til rette for at ein i møteprotokoll som vert publisert tek atterhald for justeringar/revideringar i samband med organet si formelle godkjenning. Etter godkjenning vil så endeleg/revidert møteprotokoll bli publisert. Fylkesrådmannen presiserer at organet aktivt må ta stilling til innkomne merknader/korrigeringar. Fylkesrådmannen ber om at arbeidsutvalet drøftar og konkluderer på kva praksis ein ønsker. Fylkesrådmannen legg til grunn at gjeldande regulering kan stå uendra.

Fylkesrådmannen vil uavhengig av kva praksis ein vel, gjere merksam på situasjonane med medlem som har forfall til påfølgjande møte eller varamedlem som har møtt og ikkje møter i påfølgjande møte. Fylkesrådmannen legg til grunn at partigruppene sjølv syter for at medlem/varamedlem går gjennom møteprotokoll, og at eventuelle merknader kjem innan det påfølgjande møte.

### Forfall til møte i folkevalde organ

Arbeidsutvalet drøfta om det er trong for å skjerpe fylkeskommunen si regulering knytt til forfall i folkevalde organ. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker er regulert slik i Vestland sitt saksbehandlingsreglement:

«12. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker  
Medlemer av folkevalde organ plikter å delta i møta i organet dersom dei ikkje har gyldig forfall. jf. kommunelova § 8-1.

Som gyldig forfall vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast. Organet avgjer sjølv om forfall er gyldig.

Forfall og årsak til forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet, sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland - rettar og plikter*.

Ein folkevald kan søkje om å verte fritake frå behandlinga av ei sak dersom personlege årsaker tilseier fritak, jf. kommunelova § 11-11. Organet avgjer sjølv om medlemen vert fritake.»

Arbeidsutvalet konkluderte med at reguleringa er tilfredsstillande, men at det kviler eit stort ansvar på dei folkevalde sjølv, og særskild gruppeleiarane i partigruppene.

#### Retningslinjer for saksordførarordninga

Under punkt 2 der det heiter at «..saksordførar skal nyttast...», ønskte arbeidsutvalet at ordlyden vart endra til «kan».

Under punkt 3 ønskte arbeidsutvalet at oppnemninga av saksordførar skal skje i hovudutvala, og ikkje i fylkestinget slik det er etter gjeldande regulering.

Arbeidsutvalet ønskte at det skulle gå fram av retningslinjene at saksordførar skal koordinere eksterne innspel.

Fylkesrådmannen tek innspela til etterretning og vil innarbeide desse i retningslinjene.

#### Sumarfullmakt til utvalsleiar

Arbeidsutvalet har teke opp spørsmål om bruk av sumarfullmakt og har bede om ei generell orientering kring slikt mynde.

Det følger av kommunelova § 5-7 (4) at:

«Utvalget kan gi lederen eller arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak i saker som ikke har prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget selv har bestemt noe annet.»

Dette er altså ei lovregulert adgang til vidaredelegering. Fylkestinget i Vestland har ikkje sete opp noko sperre for slik vidaredelegering. Det inneber at folkevalde organ som er å sjå som utval etter § 5-7, kan vidaredelegere mynde til å treffe vedtak til utvalsleiar i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Ei slik vidaredelegering kan sjølvstendig avgrensast i tid til å gjelde perioden utvalet ikkje treffast (sokalla sumarfullmakt).

For at utvalsleiar skal få tildelt slikt mynde, må dette anten

- a) regulerast i reglement for dei aktuelle utvala (slik det er gjort i reglement for fylkesutvalet for mynde til fylkesordføraren) eller
- b) gjerast eksplisitt vedtak om delegering av mynde i vedtakssak i utvalet

Fylkesrådmannen ber arbeidsutvalet drøfte om det er ønskeleg med regulering av sumarfullmakt til utvalsleiarar.

#### Delegering av mynde til fylkesrådmannen etter *forskrift om fylkeskommunens oppgaver innenfor friluftsområdet*

Nemnde forskrift (lagt ved saka) trådte i kraft 1.1.2020. Ved ein glipp har ikkje administrasjonen sine innspel om delegering av mynde til fylkesrådmannen nådd fram til fylkestinget ved vedtaking og revidering av reglement for folkevalde organ og delegering.

Fylkesrådmannen si vurdering er at alle oppgåvene som går fram av forskrifta bør liggje hjå fylkesrådmannen av kapasitets- og tidsomsyn. Fylkesrådmannen ber arbeidsutvalet om å drøfte dette.

### Justeringar i reglement for delegering til fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen ser behov for å justere ordlyd i nokre av punkta i reglement for delegering til fylkesrådmannen, då dei er utdatert eller uklare. Nedanfor er stroke ut gamal ordlyd og teke inn fylkesrådmannen sine forslag til ny ordlyd. Fylkesrådmannen legg til grunn at ny ordlyd er i samsvar med fylkestinget si opphavslege vilje.

Under punkt 1.2 Bygg og eigedomsforvaltning:

Bygging

- gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med ~~vedtekne føresetnader og fastlagd rutine eit kvart politisk vedtak og prosjektstyringssystem i VLFK.~~(ny ordlyd stroke under)

Under punkt 1.3. Samferdsel og mobilitet:

Fylkesrådmannen har mynde til å gjennomføre tilbudsvaluering, tildele og inngå buss-, bybane-, snøggått- og ferjekontraktar i dei tilfella kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at konkurranse skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke.

Alle anbudskontraktar over 250 mill. kroner skal attende til politisk behandling.

Ny ordlyd:

- Gjennomføre tilbudsvaluering, tildele og inngå buss-, bybane-, snøggått- og ferjekontraktar i dei tilfella kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at konkurranse skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke, og i tråd med punkt 1.1 i reglement for økonomiforvaltninga.

Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

Under punkt 3.1.2. Kontraktar - Investeringsprosjekt

~~Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner skal leggast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.~~

~~Fylkesrådmannen har mynde til å setja i gang andre fylkesvegprosjekt, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår.~~

#### Funksjonskontraktar

Fylkesrådmannen har mynde til å utlyse og inngå fleirårige funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Mynde gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

Alle funksjonskontraktar over 250 mill. kroner skal attende til politisk behandling.

Ny ordlyd:

Investeringsprosjekt

#### Fylkesvegprosjekt under kr 250 mill. kroner

- Lyse ut og inngå avtaler om fylkesvegprosjekt under 250 mill. kroner, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår

#### Fylkesvegprosjekt over 250 mill. kroner

- Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

#### Driftskontraktar

- Lyse ut og inngå fleirårige driftskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

Fylkesrådmannen ber arbeidsutvalet vurdere forslaga til ny ordlyd.

#### Om ordninga med konsultative medlem i folkevalde organ

I ei fersk tolkingsuttale (datert 28.05.2020) har kommunal- og moderniseringsdepartementet vurdert spørsmålet om høve til å gi fast møte- og talerett i folkevalde organ. Bakgrunnen for uttalen var spørsmål frå Kristiansand kommune om kommunestyret kan vedta at andre folkevalde enn formannskapet sine medlemmer kan ha fast møte- og talerett i formannskapet sine møter.

Tolkingsuttalen er lagt ved saka her i sin heilskap. Frå tolkingsuttalen er her klipt ut sentrale vurderingar og departementet sin konklusjon:

«Kommunelovens utgangspunkt er altså at det er organets medlemmer som har møte-, tale-, forslags- og stemmerett. Når kommuneloven omtaler "medlemmer" av et folkevalgt organ, menes faste medlemmer, men møtende varamedlemmer vil også ha samme rettigheter og plikter som faste medlemmer.

«Departementet mener etter dette at loven og lovens systematikk legger opp til at det kun er organets faste medlemmer som kan ha en alminnelig møte- og talerett.»

«Det må likevel sies at selv om departementets utgangspunkt er at det ikke kan gis permanent møte- og talerett til andre enn de som er valgt inn i organet, er det en åpning for å gi andre enn organets medlemmer mulighet til å uttale seg i enkeltsaker.»

«Selv om § 5-13 og § 11-12 gir kommunestyret en rett til å vedta reglement for formannskapet og reglement for saksbehandlingen i folkevalgte organer, så kan ikke disse reglementene gå ut over det som følger av kommuneloven. Reglement for saksbehandlingen skal kun være supplerende og utfyllende, og kan ikke avvike fra det som allerede er lovregulert.»

«Departementet oppfatter også at juridisk teori gir uttrykk for at det ikke er tillatt å gi andre enn faste medlemmer en alminnelig møte- og talerett. Vi viser i den forbindelse til kommentarer til kommuneloven på rettsdata.no av professor Jan Fridthjof Bernt, note 11-2-4.»

«Konklusjon

Departementet legger til grunn at kommuneloven ikke åpner for at andre enn de faste medlemmene i et folkevalgt organ gis en alminnelig møte- og talerett.»

Etter fylkesrådmannen si vurdering er departementet tydeleg på at det ikkje er høve til å gje andre enn dei faste medlemene alminneleg møte- og talerett. Fylkesrådmannen presiserer at det er ei tolkingsuttale, men den tek òg opp i seg juridisk teori. Fylkesrådmannen vil tilrå at uttalen vert lagt til grunn for regulering av møte- og talerett i Vestland. I Vestland finn ein konsultative medlem i planutvalet, finansutvalet, trafikktryggingsutvalet og yrkesopplæringsnemnda. Av saksbehandlingsreglementet går fram at konsultative medlemmer er funksjonsvalde, rådgjevande medlemmer med møte- og talerett. Det går òg fram at konsultative medlemmer ikkje har forslags- og røysterett.

Planutvalet: Hovudutvalsleiarane er konsultative medlem. Arbeidsutvalet har foreslått å leggje ned planutvalet, og ein vil då ikkje ha utfordringar knytt til konsultative medlem.

Finansutvalet: Hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for dei parti som ikkje er representerte i fylkesutvalet er konsultative medlem.

Når det gjeld konsultative medlem i finansutvalet, finst fleire løysingar:

- a) Dei kan bli vald inn som faste medlem. I så fall strir dette mot at utvalet skal vere personsamanfallande med fylkesutvalet.
- b) Status som konsultative medlem opphøyrer, dei mister sin funksjon i utvalet
- c) Status som konsultative medlem opphøyrer, men dei vert invitert til å uttale seg i enkeltsaker etter utvalet sitt ønske.

Trafikktryggingsutvalet:

Følgjande etatar stiller i møte som konsultative medlem:

- Vestland politidistrikt
- Fylkesmannen i Vestland
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunens administrasjon
- Utrykningspolitiet
- Statens vegvesen
- Skyss/Kringom
- Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL)
- Vestland ungdomsutval

Når det gjeld konsultative medlemmer i trafikktryggingsutvalet, finst slike løysingar:

- a) dei konsultative medlemene vert vald inn som ordinære medlem
- b) dei mister status som konsultative medlem, men vert invitert til møte for å halde presentasjonar og svare på spørsmål og til å uttale seg i enkeltsaker.

Yrkesopplæringsnemnda:

Ein representant frå opplæringskontora er konsultativt medlem. Aktuelle løysingar:

- a) konsultativt medlem vert vald inn som ordinært medlem
- b) status som konsultativt medlem opphøyrer, men vert invitert til møte for å halde presentasjonar og svare på spørsmål og til å uttale seg i enkeltsaker.



Fylkesrådmannen ber arbeidsutvalet drøfte ulike løysingar for korleis Vestland fylkeskommune skal innrette seg i tråd med departementet si tolkingsuttale.

#### Om fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Kommunelova § 5-12 (1) jf. § 5-2 (2) bokstav e gir mellom anna heimel for å opprette eit medverknadsorgan for ungdom. I Vestland fylke er det oppretta eit fylkesting for ungdom med eit utførande organ, Vestland ungdomsutval. Kommunelova gir ikkje heimel for å opprette slike utførande organ/arbeidsutval.

Kommunelova § 5-1 (2) ledd bokstav e opnar for at arbeidsutvalg kan nemnast opp, men berre der dette er særskild bestemt. Det er ikkje gjeve slik opning for arbeidsutval/utførande organ for medverknadsorgana.

Kommunal- og regionaldepartementet har stadfesta denne forståinga i to tolkingsuttaler. Problemstillinga er/har vore relevant for fleire kommunar/fylkeskommunar.

Fylkesrådmannen ber om at arbeidsutvalet drøftar vidare prosess kring medverknadsorgan for ungdom. Fram mot møte i arbeidsutvalet 17. august vil administrasjonen kartleggje korleis andre fylkeskommunar har innretta seg.

Konklusjon

Arbeidsutvalet drøftar saka.